

IN NATIVITATE BEATAE MARIE VIRGINIS

CD



In Nativitate Beathe Mariae Virginis

ARTIST: Schola sanctae Sunnivae

SELSKAP: Lindberg Lyd 2L69

Enig eller uenig? Diskuter på ta.no

Tonar frå mellomalderen

Ein har funne brotstykke av norsk musikk frå før reformasjonen, mellom anna ei liturgisk koralbok for Nidarosdomen frå sist på 1200-talet. Dette materialet har Henning Sommero gjort om til eit orgelverk, og Schola Sanctae Sunnivae, eit kor med 12-14 kvinnelege medlemmer under Anne Kleivset, har «omsett» Sommeros musikk til gregoriansk song.

Det er Jomfru Marias fødsel som blir æra i dei femten songane på innspelinga frå Ringsaker kyrkje. Espen Aalberg og Lars Sitter akkompagnerer varsamt på slagverk, og Lindberg Lyd garanterer lyd kvaliteten.

På 90-talet song benidicterbrørne i Santo Domingos de Silos i Spania seg inn i heile verdas hjarta med unisone tonar frå tidleg mellomalder. Sanctae Sunnivae-døtrene frå Nidaros gir oss minst like mykje velklang, sjølv om det i vår tids øyra etterkvart læt noko monotont.